




Anskaffingsreglement for Hemsedal kommune

Pr. August 2026



Innhald

1. Innleiing	3
2. Definisjonar	3
3. Formålet med innkjøpsreglement	3
4. Heime og gyldigheit	4
4.1. Lov og forskrift om offentlege anskaffingar	4
4.2. Gyldigheit.....	4
5. Viktige prinsipp for alle anskaffingar	5
6. Organisering og ansvar	5
6.1. Rettleiing og bistand.....	5
7. Type anskaffing/kjøpsprosessar	6
7.1. Mindre anskaffingar	6
7.2. Mellomstore anskaffingar («del 1-anskaffingar»).....	6
7.3. Store anskaffingar («del 2 -anskaffingar»)	7
7.4. Store anskaffingar (del 3-anskaffingar)	7
8. Kjøp på rammeavtale	8
9. Motrekning av sosial dumping og økt bruk av lærlingar	8
VEDLEGG: HEMSEDAL KOMMUNES SERIØSITETSBESTEMMELSER	9



1. Innleiing

Anskaffingsreglementet gjeld for alle typar anskaffingar til Hemsedal kommune; varer og tenester, konsulenttenester, samt kontrahering av bygg og anlegg.

Tilsette som er involvert i kommunens innkjøp er pliktig til å setja seg grundig inn i dette dokumentet og utføre innkjøp i samsvar med dette.

Tilsette er også pliktige til å setja seg inn i kommunen sine etiske retningslinjer.

Anskaffingsreglementet baserer seg på **Lov om offentlege anskaffingar** av 01.01.2017 med tilhøyrande forskrifter.

2. Definisjonar

Anskaffing:	Eit kjøp eller ein forpliktast om kjøp av varer, tenester eller bygg- og anleggsarbeid.
Eingongskjøp	Kjøp av vare eller teneste som ikkje utførast meir enn ein gong i året.
Rammeavtale	Ein avtale som kommunen har med ein eller fleire leverandørar som har til formål å fastsette kontraktsvilkåra for dei kontraktane som skal inngåast i løpet av den perioden rammeavtalen varer
Terskelverdiar	Den verdi som til en kvar tid er fastsett som grensa for pliktig kunngjering nasjonalt, jf. § 5-1(2) og pliktig kunngjering i EØS jf. § 5-3 i FOA., eller for nokon kontraktar i tilsvarande paragrafer i forsyningsforskrifta og konsesjonskontraktforskrifta. Verdiane fastset av Nærings- og fiskeridepartementet. Verdiar per 29.04.2024: hhv. 1, 3 MNOK/ 2,3/ MNOK/ 7,8 MNOK eller 4,5 MNOK/ 56 MNOK, avhengig av anskaffingas innhald og art.

3. Formålet med innkjøpsreglement

Anskaffingsreglementet skal medverke til ein effektiv og god økonomiforvaltning i kommunen, hindre økonomisk utruskap og sikre at:

- Lov og forskrift om offentlege anskaffingar blir følgt
- Myndigheits- og ansvarsforhold er etablert
- Dokumentasjon av innkjøp blir utført og er lett tilgjengelege



- Internkontroll kan oppdage feil slik at desse kan rettast i tide
- Skape tillit hjå tilsette, leverandørar og innbyggjarar
- Ivareta miljø ved innkjøp

4. Heime og gyldigheit

4.1. Lov og forskrift om offentlege anskaffingar

- [Anskaffelseslova \(LOA\)](#) (LOV-2016-06-17-73) - Krav til planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar er regulert i lov om offentlege anskaffingar.
- [Anskaffelsesforskrifta \(FOA\)](#) (FOR-2016-08-12-974) - Dei fleste offentlege oppdragsgjevarar må følge føresegnene i forskrift om offentlege anskaffingar.
- [Forsyningsforskrifta](#) (FOR-2016-08-12-975)- For oppdragsgjevarar som driv verksemd innanfor forsyningssektoren (vatn- og forsyning, transport- og posttenester), blir innkjøp knyta til desse aktivitetane regulerte i ei eiga forskrift om innkjøpsreglar i forsyningsektorane.
- [Konsesjonskontraktforskrifta](#) (FOR-2016-08-12-976) - For oppdragsgjevarar som inngår konsesjonskontrakter om tenester eller bygge- og anleggsarbeid, gjeld forskrift om konsesjonskontrakter.
- [Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar](#) (FOR- 2008-02-08-112) - I tillegg stiller forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar krav til kva lønns- og arbeidsvilkår oppdragsgjevarar skal stille krav om hjå leverandørar til offentlege oppdrag.
- [Forskrift om plikt til bruk av lærlingar i offentlege kontraktar](#) (FOR-2016-12-17-1708) - Forskrifta skal bidra til et tilstrekkeleg tal på lære plassar for elever i yrkesfagleg utdanning og eit tilstrekkeleg tal på kvalifiserte arbeidarar med fag- eller sveinebrev, samt å motverke økonomisk kriminalitet.
- [Forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar](#) (FOR-2002-11-15-1288) - Det er oppretta ei eiga klagenemnd for behandling av klager frå leverandørar eller andre med sakleg klageinteresse om brot på regelverket for offentlege anskaffingar. Verksemda til klagenemnda og klageprosessen er regulert i forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffingar.
- [Kommuneloven](#) (LOV-2018-06-22-83) - Ein slags «grunnlov» for kommunane og fylkeskommunane i Norge og fastsette de organisatoriske og rettslege rammene for all kommunal og fylkeskommunal verksemd.

4.2. Gyldigheit

Anskaffingsreglementet trer i kraft frå og med den datoen det er vedtatt av kommunestyret i Hemsedal. Anskaffingsreglementet reviderast ved behov. Prinsipielle endringar skal behandlast i kommunestyret.



5. Viktige prinsipp for alle anskaffingar

Alle anskaffingar skal:

- Gjennomførast i henhold til gjeldande lover og forskrifter, og i henhold til kommunens anskaffelsesstrategi.
- Utførast i henhold til Hemsedals kommunes etiske retningslinjer, administrative rutinar, prosedyrar og verktøy for anskaffingsarbeidet.
- Vere basert på konkurranse.
- Ivareta omsynet til høg integritet, likebehandling, forutsigbarheit, etterprøvbarheit og forholdsmessigheit.

Dei grunnleggjande prinsippa følgjer **Lov om offentlege anskaffingar**:

- **Konkurranse.** Alle innkjøp skal så langt som råd gjennomførast med reell konkurranse mellom kvalifiserte leverandørar.
- **Likebehandling.** Konkurransen skal gjennomførast slik at ingen leverandørar blir diskriminert eller forskjellsbehandla.
- **Forutberegnelighet.** Leverandøren skal ha eit forsvarleg grunnlag for å gi eit tilbod. Kva skal kjøpast, mengde og eventuell lengde på kontrakt.
- **Etterprøvbarheit.** Leverandørane skal kunne kontrollere at innkjøpet er utført etter regelverket.
- **Forholdsmessigheit.** Gjennomføring av innkjøpet skal stå i forhold til innkjøpet sin art, omfang, kompleksitet og verdi og i tråd med formålet i lova om effektiv bruk av samfunnets ressursar.

6. Organisering og ansvar

Anskaffing til kommunen er eit administrativt ansvar. Den enkelte leiar er ansvarleg for alle anskaffingar innanfor eige budsjettområde.

Anskaffingar skal utførast av personar som er gitt fullmakt gjennom delegasjonsreglementet til Hemsedal kommune. Det er eit leiaransvar å sørge for at personar med anskaffingsfullmakt har kunnskap til å foreta anskaffingar i samsvar med gjeldande reglar og forskrifter.

6.1. Rettleiing og bistand

Hemsedal kommune har rammeavtale for anskaffingsfagleg bistand som nyttast ved behov.

 Fagleiar innkjøp - rolleskildring: Fagleider skal utføre sidemannskontroll og rådgje ved anskaffingsfagleg spørsmål. Rollen inneber og å iverksette og følgje opp anskaffingsstrategien – og reglementet.



7. Type anskaffing/kjøpsprosessar

Alle anskaffingar delast inn i ulike typar ut i frå anskaffingas totale verdi ekskl. MVA. Det er den totale verdien i heile kontraktens varigheit, inkludert opsjonar, som skal leggje til grunn ved berekning. Store anskaffingar skal gjennomførast via kommunens konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

7.1. Mindre anskaffingar

Mindre anskaffingar er eingongskjøp med verdi under 500 000,- ekskl. MVA. Innkjøp med anslått verdi under 500 000 kroner er ikkje omfatta av Lov og forskrift om offentlege innkjøp. Hensikta er at kjøp av denne storleiksorden ikkje skal iverksette meir omfattande prosedyrar enn det som er kostnadsmessig forsvarleg.

Ved innkjøp med lågare verdi enn 500.000 kroner kan direkte kjøp nyttast, men det er framleis krav om at det skal vere konkurranse. I praksis vil det seia at oppdragsgjevar skal samanlikne prisar så langt dette er hensiktsmessig før ein gjer avtale med valt leverandør.

Gjennom eit år kan ikkje enkeltinnkjøp av varen eller tenesta, for heile kommunen med alle einingar, vere over 500 000 kroner til saman. For tenestekontraktar med varigheit over 12 månadar skal anslått verdi bereknast på grunnlag av verdi for heile avtaleperioden.

7.2. Mellomstore anskaffingar («del 1-anskaffingar»)

Mellomstore anskaffingar er eingongskjøp med verdi mellom 500 000,- og nasjonal terskelverdi (grensa for pliktig kunngjering i Doffin¹).

Generell nasjonal terskelverdi er for år 2024-2026 på 1,3 mill. For kontraktar om kjøp av helse- og sosialtenester er den nasjonal terskelverdien på 7,8 mill.

Sjekk [Terskelverdier for offentlige anskaffelser | Anskaffelser.no](https://anskaffelser.no) for fullstendig oversikt over gjeldande terskelverdiar.

Det skal leggst vekt på dei grunnleggjande prinsippa i anskaffingslova, i henhold til kommunens gjeldande rutinar.

Det skal førast ein anskaffingsprotokoll frå prosessen.

Det skal innhenta tilbod frå minst tre forskjellige leverandørar så sant dette er praktisk mogleg.

Det skal nyttast KGV (konkurransegjennomføringsverktøy) for alle anskaffingar over 500.000,- dersom ikkje allereie etablerte rutinar ivaretek dei grunnleggjande anskaffingsprinsippar og bestemmingar i FOA kap. 7 (inkl. klima- og miljøhensyn jfr. §7-9 som vart gjeldande frå 1. januar 2024).

Hensikten med denne bestemminga er at det ved kjøp av denne storleiksorden ikkje skal iverksette meir omfattande prosedyrar enn det som er kostnadsmessig forsvarleg. Det skal alltid vurderast om frivillig kunngjering i Doffin er hensiktsmessig for anskaffingar med verdi nær grensa for pliktig kunngjering. Frivillig kunngjering i Doffin skal alltid brukas for anskaffing etter forsyningsforskrifta og konsesjonskontraktforskrifta med antatt verdi som overstig 1,3 millionar kroner ekskl. MVA.

¹ Angitt i anskaffelseslovens forskrift, blir endra ca. annenkvarter år av Nærings- og fiskeridepartementet



For anskaffingar over 500 000 kroner ekskl. mva. er det krav om skatteattest for norske leverandører. (FOA §7-2)

Det skal utførast sidemannskontroll før utlysing og tildeling.

7.3. Store anskaffingar («del 2 -anskaffingar»)

Gjeld eingongskjøp med anslått verdi mellom nasjonal terskelverdi og EØS-terskelverdi.

Generell nasjonal terskelverdi er for år 2024-2026 på 1,3 mill. For kontraktar om kjøp av helse- og sosialtenester er den nasjonal terskelverdien på 7,8 mill.

Generell EØS terskelverdi er for år 2024-2026 på 2,3 mill. for varer og tenester. For bygg- og anleggskontrakter er EØS terskelverdien på 57,8 mill.

Sjekk [Terskelverdier for offentlige anskaffelser | Anskaffelser.no](https://anskaffelser.no) for fullstendig oversikt over gjeldande terskelverdiar.

FOA Del I og II – Innkjøp mellom nasjonal terskelverdi og EØS-terskelverdi

Det er krav til bruk av Konkurransегjenномføringsverktøy. (FOA § 8-20)

Det er krav til kunngjering nasjonalt på Doffin. (FOA § 8-17)

Tillatne prosedyrar for innkjøp – FOA Del II

- Vanleg kunngjering
- Førhandskunngjering

Det skal utførast sidemannskontroll av anskaffingsfagleg kompetent ressurs før utlysing og tildeling.

7.4. Store anskaffingar (del 3-anskaffingar»)

Gjeld eingongskjøp med anslått verdi over EØS terskelverdi.

Generell EØS terskelverdi er for år 2024-2026 på 2,3 mill. For vare og tenestekontrakter etter forsyningsforskrifta er EØS terskelverdien på 4,6 mill. For bygg- og anleggskontrakter er EØS terskelverdien 57,8 mill.

Sjekk [Terskelverdier for offentlige anskaffelser | Anskaffelser.no](https://anskaffelser.no) for fullstendig oversikt over gjeldande terskelverdiar.

Gjeld bygg- og anleggskontraktar med ein verdi som er lik eller overstig 57,8 MNOK ekskl. mva. Kontraktar om kjøp av helse- og sosialtenester med verdi som er lik eller overstig 7,8 MNOK ekskl. mva gjeld eigen prosedyre (del VI).

FOA Del I og III – Innkjøp over EØS-terskelverdi

Det er krav til bruk av Konkurransегjenномføringsverktøy. (FOA § 22-1)

Det er krav til kunngjering nasjonalt på Doffin og i EØS på TED. (FOA § 21-1)

Det er krav til utfylling av ESPD (Europeisk eigenerklæringsskjema). (FOA § 17-1)



Tillatne prosedyrar for innkjøp (forklaring under):

- Open anbodskonkurranse
- Begrensa anbodskonkurranse
- Konkurrans med forhandlingar
- Konkurransprega dialog
- Konkurrans om innovasjonspartnarskap

Det skal utførast sidemannskontroll av anskaffingsfagleg kompetent ressurs før utlysing og tildeling.

8. Kjøp på rammeavtale

Ved rammeavtaler har ein sikra at konkurranse er gjennomført i forkant, og at det er forhandla fram rimelege prisar og gode, etiske innkjøpsvilkår. Kommunen har plikt til å nytte etablerte rammeavtaler, og kan koma i økonomisk ansvar dersom andre leverandørar blir valt.

Dersom kommunen ikkje har rammeavtale på varen eller tenesta som skal kjøpast, må ein vurdere om dette er ei vare eller teneste som er gjentakande kjøp. Om kjøp av denne vara eller tenesta, over eit heilt år for heile kommunen, er på meir enn 500.000 kroner eks. mva. pr. år skal det etablerast ei rammeavtale.

9. Motrekning av sosial dumping og økt bruk av lærlingar

Kommunen har fokus på å motvirke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.

For å nedkjempe kriminalitet og useriøse arbeidsforhold, inntas seriøsitetskrav i alle kontraktar. Anvendingsområdet regulerast i kvart enkelt krav. Bestemminga skal bidra til å motvirke sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og svart økonomi i bygg-, anlegg- og reinhaldsbransjen, samt å fremme ryddige lønns- og arbeidsvilkår for alle arbeidstakarane. Seriøsitetsbestemmelsene skal også legge til rette for rekruttering til bygg- og anleggsfag, samt betre kvalitet og produktivitet. Desse skjerpande kontraktskrava, Hemsedal kommunes seriøsitetsbestemmelser, finnes lista opp i vedlegg 1 (eksempel på seriøsitetsbestemmelser vises under vedlegg 1 seinare i dokumentet).

Hemsedal kommune skal følge den til ein kvar tid beste praksis på området, jf. Veileidar om beste praksis, utarbeida av Direktoratet for forvaltning og økonomi (DFØ) og publisert på fagsider om offentlege anskaffingar, www.anskaffelser.no

DFØ's beste praksis er blant annet fleire ulike nasjonale veileidarar utarbeida av Samarbeid mot svart økonomi (2), Arbeidstilsynet, DFØ og andre.



VEDLEGG: HEMSEDAL KOMMUNES SERIØSITETSBESTEMMELSER

Følgande bestemmingar skal inntas i alle kontraktar i Hemsedal kommune. Anvendingsområde regulere i kvar enkelt krav.

1. HMS kort

[Bestemminga gjeld for verksemd som utfører arbeid på bygge- og anleggsplassar i henhold til byggherreforskrifta § 2, jf. § 4., samt verksemd som utfører reinhaldstenester etter forskrift om offentlig godkjenning av reinhaldsverksemd og om kjøp av reinhaldstenester]

Alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen under denne kontrakten, skal bere lett synleg eit gyldig HMS-kort utstedt av Arbeidstilsynet, jf. FOR-2007-03-30-366. Tilsvarende gjeld alle som utfører reinhaldsarbeid under denne kontrakten, jf. FOR-2012-05-08-408. Fram til HMS-kortet er mottatt, aksepterer oppdragsgivar gyldig HMS-kortbekreftelse med QR-kode frå Arbeidstilsynet saman med gyldig identifikasjon.

Ordrebekreftelse, søknadsskjema o.l. aksepterast ikkje som HMS-kort. Før HMS-kortet er mottatt, må arbeidstakaren på bygge- og anleggsplassen kunne dokumentere kva verksemd han eller ho jobbar for.

Lånekort aksepterast ved framvisning av gyldig HMS-kortbekreftelse med QR-kode frå Arbeidstilsynet saman med gyldig identifikasjon.

Arbeidstakarar som ikkje har slikt HMS-kort, eller ovannevnte dokumentasjon, vil bli bortvist frå bygge- eller anleggsplassen for leverandørens rekning og risiko.

2. Internkontroll og SHA

[Bestemminga gjeld for alle bygg- og anleggskontraktar.]

Leverandøren skal følge den til ei kvar tid gjeldande arbeidsmiljølovgeving med tilhøyrande forskrifter, Oppdragsgivars SHA-plan (Sikkerheit, Helse og Arbeidsmiljø) og Oppdragsgivars eller koordinatorens anvisningar. Leverandøren pliktar å ha eit internkontrollsystem iht. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemdar. Relevante delar av Oppdragsgivars SHA-plan skal innarbeidast i, og følgjast opp gjennom, leverandørens internkontroll. Innarbeidinga skal skje slik at SHA-planens bestemmingar kan identifiserast.

Med mindre anna er avtalt, skal alle leverandørens nøkkelpersonar i prosjektet forstå og kunne gjere seg godt forstått på norsk. Leverandøren skal sørge for at arbeidarar han og eventuelle underleverandørar nyttar, kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje utgjer ein sikkerheitsrisiko.

Minst ein av det utførande personell på kvart arbeidslag skal kunne forstå og gjere seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkommande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk alle dei andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

Alle på arbeidsplassen skal forstå SHA-plan, sikkerhetsopplæring, HMS-rutinar, verneprotokollar, sikkerhetsinstruksar, SJA (Sikker jobbanalyse), sikkerhetsdatablader og varselskilt på arbeidsplassen, samt bruksanvisning for verktøy og arbeidsutstyr mv. som vedkommande nyttar i arbeidet. Materialet skal føreligge på eit språk vedkommande arbeidar forstår godt, såframt arbeidaren ikkje forstår informasjonen fullt ut på norsk eller engelsk.



Ved brot på ovannevnte plikter har oppdragsgivar rett til å stanse arbeidene for leverandørens rekning og risiko i den utstrekning oppdragsgivar anser det nødvendig. Leverandørens forseinking som følge av stansing gir oppdragsgivar rett på eventuell dagmulkt etter kontraktens bestemningar om forseinka levering.

Oppdragsgivar kan heve avtalen dersom leverandøren vesentleg mislegheld ovannevnte plikter og ikkje retter forholda innan rimeleg frist. Før heving gjennomførast skal leverandøren ved skriftleg varsel gis ein rimeleg tilleggsfrist for å dokumentere retting, med varsel om heving om så ikkje skjer. Ved gjentatte misligheld kan oppdragsgivar heve avtalen sjølv om leverandøren retter forholda. Dersom oppdragsgivar hever kontrakten med leverandøren, kan oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg leverandørens kontraktar med underleverandørar.

Ved tilsvarande brot hos underleverandøren, kan oppdragsgivar krevje at leverandøren skiftar ut underleverandøren. Dette skal skje for leverandørens rekning og risiko.

3. Krav til dokumentert yrkesskadeforsikring

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar.]

Leverandøren skal på forespørsel innan ein rimeleg frist fastsett ved skriftleg varsel dokumentere at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar som utfører arbeid på kontrakten, er dekkja av lovpålagt yrkesskadeforsikring.

Oppdragsgivar kan bortvise arbeidstakarar/foretak som det ikkje har dokumentert yrkesskadeforsikring for innan fristen.

Manglande eller mangelfull dokumentasjon kan påberopast av oppdragsgivar som grunnlag for å heve kontrakten. Før heving gjennomførast skal leverandøren ved skriftleg varsel gis ein rimeleg tilleggsfrist for å dokumentere retting, med varsel om heving om så ikkje skjer. Dersom brotet gjeld manglande dokumentasjon for yrkesskadeforsikring hos underleverandør, kan oppdragsgivar på same måte krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for oppdragsgivar.

4. Krav om bruk av fast tilsette og stillingsandel

[Bestemminga gjeld for utføring av bygge- og anleggsarbeid og alle reinhaldstenester som er omfatta av CPV-kode 90910000 (reingjering), jf. anskaffelsesforskrifta § 19-3, samt øvrige risikoutsatte tenesteområde etter særskilt vurdering.]

Ved utføring av kontraktsarbeidet skal arbeidet i all hovudsak utførast av fast tilsette i minst 80 % stilling, uavhengig av om arbeidarar er tilsett hos leverandøren eller eventuelle underleverandørar.

For innleigd arbeidskraft må innleigar stille krav om at bemanningsbyrå praktiserer og kan dokumentere minimum 80 % stillingsandel og føreseielege arbeidsperioder.

Leverandøren skal etter kontraktsinngåinga greie ut for korleis kravet vil bli oppfylt, samt jamleg oversende bemanningsplanar og rapportar som viser oppfyltingsgraden.



Ved kontraktsavslutning skal det leggst fram oversikt over bemanninga og oppfyltingsgrad. Timelister skal leggst fram på anmodning.

Det gjerast unntak for arbeid som etter sin art ikkje tilseier eit krav om full stillingsandel, eksempelvis sesongarbeid, eller i den utstrekning det er nødvendig for utføringa av kontraktsarbeid.

Unntaksbestemminga kan ikkje nyttast i større utstrekning enn det er nødvendig for utføringa av kontraktsarbeid.

Oppdragsgivar kan totalt halde tilbake inntil 1 prosent av kontraktssummen dersom krav i seriøsitetsbestemmingane som er regulert ved misligholdast, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar. Dersom krav ikkje er oppfylt ved overtakinga, avkortast vederlaget med inntil 1 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg mislighald av ovannevnte plikter, kan byggherren stanse eller heve kontrakten dersom forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel, med varsel om stansing eller heving om så ikkje skjer.

5. Bruk av underentreprenørar /Begrensing i antal ledd underleverandørar

[Bestemminga gjeld for utføring av bygge- og anleggsarbeid og alle reinhaldstenester, omfatta av CPV-kode 90910000, over EØS terskelverdi for varer og tenester, samt øvrige risikoutsatte tenesteområde etter særskilt vurdering. Det 2. leddet er hovudsakeleg ment å dekke leverandørens/underleverandørs behov for å tilknytte seg spesialkompetanse]

Leverandøren skal ikkje ha fleire enn to ledd underleverandørar i kjede under seg, jf. anskaffelsesforskrifta § 8-13 og § 19-3. Innleigd personell blir rekna som eitt ledd.

Oppdragsgivar vil unntaksvis kunne stille krav om maksimalt eitt ledd, basert på ei konkret vurdering av marknad, kompleksitet og risiko m.m. i den enkelte anskaffinga. Dette vil i tilfelle gå fram av konkurransegrunnlaget for den aktuelle anskaffinga.

Oppdragsgivar kan godta fleire enn to ledd dersom det på grunn av uforutsette omstende er naudsynt for å få gjennomført kontraktsarbeida.

Leverandørens bruk av underleverandørar, inkludert innleigd arbeidskraft, skal skriftleg førehandsgodkjennast av oppdragsgivar. Oppdragsgivar kan berre nekte bruk der han/ho har sakleg grunn. Det same gjeld for utskifting av underleverandørar i kontraktsperioden. Manglande framlegging av dokumentasjon, eller ikkje uvesentlege avvik ved framlagt dokumentasjon, knytt til underleverandør dannar sakleg grunnlag for å nekte godkjenning av vedkommande underleverandør. Oppdragsgivarens godkjenning endrar ikkje leverandørens forpliktingar overfor oppdragsgivar.

Ved inngåing av kontraktar med underleverandør, der kontraktsverdien overstig kr 500 000 eks. mva., skal leverandøren innhente skatteattest. Frå underleverandørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Noreg, skal det innhentast tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad frå oppdragsgivar leggje fram skatteattesten.

Leverandøren skal til ei kvar tid kunne dokumentere at underleverandørar oppfyller kontraktens bestemmelsar, inkludert at dei har oppfylt sine forpliktingar overfor skattemyndigheitene.



Ovennemnte attestar for skatt- og meirverdiavgift skal til ei kvar tid finnast på byggeplassen. Attestane skal ikkje vere eldre enn seks månader gamle. Dersom attesten ikkje blir lagt fram eller viser restansar som ikkje er uvesentlege, kan oppdragsgivar krevje at underleverandøren blir skifta ut for leverandørens rekning og risiko dersom forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist, gitt ved skriftleg varsel.

Oppdragsgivar kan totalt halde tilbake inntil 1 prosent av kontraktssummen dersom krav i seriøsitetsbestemmingane som er regulert ved mislighald, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar. Det same gjeld der det er grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe.

Dersom kravet ikkje er oppfylt ved overtakinga, kan vederlaget avkortast med eit forholdsmessig prisavslag på inntil 1 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg mislighald av eller gjentatte brot på ovennemnte plikter, eller der det er god grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe, kan oppdragsgivar, med rimeleg varsel, stanse arbeidene for leverandørens rekning og risiko, eller heve kontrakten. Dersom oppdragsgivar hever kontrakten med leverandøren, kan oppdragsgivar krevje å få tiltransportert til seg leverandørens kontraktar med underleverandørar.

6. Innleid arbeidskraft

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar.]

Bruk av innleid arbeidskraft frå produksjonsbedrift og bemanningsselskap skal varslast oppdragsgivar i rimeleg tid før oppmøte på byggeplass. Oppdragsgivar kan nekte bruk der han har sakleg grunn. Manglande framlegging av dokumentasjon, eller ikkje ubetydelige avvik ved framlagt dokumentasjon, knytt til underleverandør dannar sakleg grunnlag for å nekte godkjenning av vedkommande underleverandør. Innleigde arbeidstakarar som ikkje er varsla oppdragsgivar, vil bli bortviste frå byggeplassen.

Leverandøren skal sørge for at innleid personell som leverandøren nyttar til å oppfylle kontrakten med oppdragsgivar, har arbeidskontraktar som sikrar desse tarifflønn, også mellom oppdrag.

Innleige frå bemanningsbyrå skal berre skje innanfor dei vilkår og intensjonar som følgjer av arbeidsmiljølova og dei aktuelle tariffavtalene, herunder kravet om likebehandling i § 14-12a. All omgåing av regelverk skal førebyggast.

Der det finst ein lokal avtale om innleige, har innleige- og utleigebedrifta ein gjensidig plikt til å kunne dokumentere at innleigebedrifta er bunden av tariffavtale inngått med fagforeining med innstillingsrett og at avtalen om innleige er inngått med tillitsvald.

For å sikre eit effektivt vern mot omgåing av krav til dekking av utgifter til reise, kost og losji, skal innleigebedrifta stille krav om at innleid arbeidskrafts bustad er definert i arbeidsavtalen. Ved arbeid som krev overnatting utanfor definert heimstad, skal det dokumenterast betaling for kostnader knytt til kost og losji, og reise der arbeidstakar har rett til slik utgiftsdekking.



Det gjerast unntak for frivillige organisasjonar, lag og foreiningar.

Ved brot på bestemminga kan vederlaget avkortast tilsvarande eventuell besparelse for leverandøren. Brot på bestemminga kan også påberopast av den enkelte tilsette overfor leverandøren som grunnlag for krav om etterbetaling av lønn.

7. Krav til lønns- og arbeidsvilkår

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar.]

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten har lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn:

- Den til ei kvar tid gjeldande arbeidsmiljølovgiving, allmenngjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen
- På område som ikkje er dekt av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i henhold til landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med lønns- og arbeidsvilkår meinast bestemmelsar om minste arbeidstid, lønn, inkludert overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekking av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmelsar følgjer av tariffavtalen.
- Lov om obligatorisk tenestepensjon (OTP-loven) av 21.12.2005

For bransjar som ikkje er allmenngjort, skal det, for å sikre eit effektivt vern mot omgåing av krav til dekking av utgifter til reise, kost og losji, stillast krav om at arbeidskrafts bustad er definert i arbeidsavtalen. Ved arbeid som krev overnatting utanfor definert heimstad, skal det dokumenterast betaling for kostnader knytt til kost og losji, og reise der arbeidstakar har rett til slik utgiftsdekking.

Leverandøren pliktar på førespurnad å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar, arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar. Opplysningane skal dokumenterast ved blant anna kopi av arbeidsavtale, lønnslipp, timelister og arbeidsgivaren sin bankutskrift. Dokumentasjonen skal vere på personnivå og det skal gå fram kven den gjeld. Det skal også dokumenterast oppfylling av krav om dekking av reise, kost og losji.

Oppdragsgivar og/eller andre som opptrer på vegne av oppdragsgivar har rett til innsyn i dokument, og rett til å gjere andre undersøkingar, som gjer det mogleg for oppdragsgivar å gjennomføre kontroll med at kravet til lønns- og arbeidsvilkår blir overhaldne. Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar.

Oppdragsgivar kan krevje å få tilgang til lokale som blir nytta til innkvartering av tilsette. Dette gjeld bustad arbeidsgivar har fremskaffa/tilbydd til arbeidarar som medverkar i oppfylling av kontrakt.

Oppdragsgivar sin rett til dokumentasjon og inspeksjon skal òg gjelde overfor eventuelle underentreprenørar, innleigde arbeidstakarar og utsendte arbeidstakarar.

Ved brot på krava til løns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette forholdet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør, er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter løna sin forfallsdato, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkår og avgrensingar som følgjer av lov om allmenngjering av tariffavtaler mv. av 4. juni 1993 § 13, skal gjelde i begge desse tilfella.



Oppdragsgivar har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarende to gonger innsparinga for leverandøren. Tilbakehaldsretten opphøyrer så snart retting etter føregåande ledd er dokumentert.

Vesentleg mishald av løns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan påberopast av oppdragsgivar som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholda.

Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet, kan oppdragsgivar på same måte krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for oppdragsgivar.

8. Mannskapslister og innsyn i oversiktslister

[Bestemminga gjeld for utføring av bygge- og anleggsarbeid]

Før oppstart av arbeidet skal leverandøren oversende oppdragsgivar ein liste over kva personar som vil utføre arbeid på bygge- eller anleggsplassen. Oppdragsgivar har til ei kvar tid rett til innsyn i oversiktsliste over alle som utfører arbeid på bygge- eller anleggsplassen. Oversiktslista skal først og kontrollrast dagleg i samsvar med forskrift om tryggleik, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplassar.

Leverandøren skal etablere elektronisk mannskapsregistreringssystem for byggeplassen, i samsvar med Byggherreforskriften sine krav til oversiktslister. Systemet skal vise kontraktspyramiden, kva arbeidstakarar og verksemder som utfører arbeid på byggeplassen, samt informasjon om lærlingar. Oppdragsgivar skal ha innsyn i systemet.

Alle arbeidarar skal kvar dag registrere seg ved arbeidsstart. Leverandøren har ansvaret for at alle aktørar på byggeplassen har nødvendige godkjende sertifikat og kompetansebevis, og må kunne dokumentere dette.

Oppdragsgivar kan totalt halde tilbake inntil 1 prosent av kontraktssummen dersom krav i seriøsitetsbestemmingane som er regulert ved tilbakehaldsrett blir mislighaldne, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar. Det same gjeld der det er grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe.

Vesentleg mislighald som ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar, kan påberopast av oppdragsgivar som grunnlag for heving. Før heving blir gjennomført, skal leverandøren ved skriftleg varsel bli gitt ein rimeleg tilleggsfrist for å dokumentere retting, med varsel om heving om så ikkje skjer.

9. Openheit om leverandørkjeder, kunnskapsplikt og aktsomheitsvurderingar

[Bestemminga gjeld alle kontraktar]

Kunnskapsplikt

Leverandøren pliktar å ha kunnskap om vesentleg risiko for negativ påverknad på grunnleggande menneskerettar, miljø og anstendig arbeid i eigen verksemd og i verksemda sine leverandørkjeder. Omfanget av kunnskapsplikta avheng mellom anna av verksemda sin storleik, eigartilhøve og struktur, aktivitetar, bransje og vare- eller tenestetypar. Oppdragsgivar kan be om at leverandør fremskaffar slik informasjon innan ein gitt frist.



Aktsomheitsvurdering

Er leverandøren ein større verksemd, skal leverandøren gjennomføre aktsomheitsvurderingar for å kartleggje, førebyggje og avgrense mogleg negativ påverknad på grunnleggande menneskerettar, miljø og anstendig arbeid, og gjere greie for korleis dette blir handtert. Slik informasjon skal leggst fram for oppdragsgivar innan ein månad etter kontraktsinngåing. Aktsomheitsvurderingane skal vere risikobaserte, gjentakande og førebyggjande.

Overtreding av fristar vil utløyse rett til dagbøter, jf. dei enkelte kontraktane si bestemmelse om dette.

10. Faglært handverkarar

[Bestemminga gjeld alle kontraktar over kr 500.000 som gjeld reinhald, bygg- og anleggsgfag (dvs. fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk), samt elektroarbeid (regulert av Forskrift om elektrofag og kvalifikasjonskrav knytt til elektriske anlegg og elektrisk utstyr).]

Ved utføringa av kontraktsarbeidet skal minimum 50 % av arbeidstimane innanfor reinhald, bygg- og anleggsgfag (dei fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk samt anleggsgartnarfaget), samt elektroarbeid (regulert av Forskrift om elektrofag og kvalifikasjonskrav knytt til elektriske anlegg og elektrisk utstyr) samla utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring i henhald til nasjonal fagopplæringslovgiving eller tilsvarande utanlandsk fagutdanning. Kravet til 50 % skal oppfyllest innan kvart enkelt fag.

Det blir gjort unntak der kravet ikkje er hensiktsmessig for dei oppgåvene som skal gjennomførast. Unntak vil vere nærmare beskrive i det enkelte konkurransegrunnlaget saman med ein omtale av bruk av annan fagkompetanse.

Inntil 10 % av kravet kan oppfyllest ved at arbeidstimane er utførte av personar som er under systematisk opplæring og er oppmelde, for første gong, etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. Opplæringslova § 3-5, eller etter tilsvarande ordning i anna EU/EØS-land.

I enkeltpersonføretak utan tilsette gjeld ovanståande krav for eigar. Dokumentasjonskrav og oppdragsgivar sin innsynsrett:

- Leverandøren skal etter kontraktsinngåing dokumentere korleis kravet vil bli oppfylt, samt jamleg oversende bemanningsplanar og rapportar som viser oppfyllingsgraden. Ved kontraktsavslutning skal det leggst fram oversikt over talet på fagarbeidartimar. Timelister skal leggst fram på førespurnad.

Oppdragsgivar kan totalt helde tilbake inntil 1 prosent av kontraktssummen dersom krav i seriøsitetsbestemmingane som er regulert ved mislighald, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar. Det same gjeld der det er grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe. Dersom krava ikkje er oppfylte ved overtaking, blir vederlaget avkorta med inntil 5 promille av kontraktssummen.



11. Lærlingar

[Krav til bruk av lærlingar skal stilles i alle kontraktar over NOK 2,3 million kroner ekskl. mva. og med ei varigheit på over 3 månader, på område der det er behov for og tilgang til lærlingar, når kravet vurderast som forholdsmessig i den enkelte kontrakt].

Det er eit krav at leverandørar er tilknytte ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktsarbeidet i tenestekontraktar og kontraktar om bygg- og anleggsarbeid. Kravet skal oppfyllest av leverandøren og ein eller fleire av hans underleverandørar.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingekravet ved å nytte lærlingar som er tilknytte offentleg godkjent lærlingordning i Noreg eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS-land.

Leverandøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktsarbeidet, dokumentere at krava vil bli oppfylte. Ved kontraktsavslutning skal det leggst fram oversikt over talet på lærlingetimar. Timelister skal leggst fram på førespurnad.

Kravet om bruk av lærling i kontraktsarbeidet gjeld ikkje dersom ein leverandør, som er tilknytt ei lærlingordning, kan dokumentere at manglande lærekontrakt skuldast avgrensa tilgang på lærlingar i marknaden.

Oppdragsgivar kan totalt halde tilbake inntil 1 prosent av kontraktssummen dersom krav i seriøsitetsbestemmingane som er regulerte ved mislighald, og forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel frå oppdragsgivar. Det same gjeld der det er grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe. Dersom krava ikkje er oppfylte ved overtaking, blir vederlaget avkorta med inntil 1 prosent av kontraktssummen.

Ved vesentleg mislighald av ovannemnde plikter, eller dersom det er grunn til å tru at slikt mislighald vil inntreffe, kan byggherren stanse eller heve kontrakten dersom forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist gitt ved skriftleg varsel, med varsel om stansing eller heving om så ikkje skjer.

12. Krav om betaling med elektronisk betalingsmiddel/forbud mot kontantbetaling

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar.]

All betaling leverandøren og underleverandørar foretek i samband med utføringa av kontraktarbeid for oppdragsgivar, skal betalast med elektronisk betalingsmiddel.

Ved brott på bestemminga blir leverandøren sitt vederlag avkorta med same beløp som kontantbetalinga.

13. Krav om betaling av lønn, oppgjør og anna godtgjering til bank

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar.]



Lønn, oppgjør og annan godtgjering til egne tilsette, tilsette hos underleverandørar, innleigde og sjølvstendige oppdragstakarar som utfører arbeid under kontrakten, skal utbetalast til den enkelte sin konto i bank.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande bestemming. Ved brot på bestemminga blir leverandøren sitt vederlag avkorta med same beløp som kontantbetalinga.

14. Rapporteringsplikt til Skatteetatens Oppdrags- og arbeidsforholdsregister (OAR)

[Bestemminga gjeld for alle bygg og anleggsanskaffingar over kr 500.000, og alle renhaldstenester omfattast av CPV- kode 90910000, over kr 500.000, samt øvrige risikoutsatte tenestoområde etter særskilt vurdering.]

Oppdrag gjeve til utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidarar på slike oppdrag, skal rapporterast til Skatteetaten gjennom Oppdrags- og arbeidsforholdsregisteret i tråd med lov om skatteforvaltning § 7-6..

Leverandøren har ansvaret for at denne rapporteringa skjer gjennom heile kontraktkjeda. Ved førespurnad skal leverandøren dokumentere at rapporteringsplikta er oppfylt ved å leggje fram kopi av innmeldingsskjema eller kvittering.

Eventuelt ansvar for skattar eller avgifter, gebyr eller tvangsmulkt pålagt Oppdragsgjevar som følgje av at leverandøren ikkje har oppfylt sine plikter etter dette punktet, er leverandørens ansvar og skal betalast av han.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner, jf. Sktfvl § 7-6.

15. Brot på skatte- og avgiftsforpliktingar

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar]

Leverandøren og eventuelle underleverandørar skal til ei kvar tid oppfylle sine plikter til å betale skattar og/eller avgifter.

Dersom Leverandøren i ikkje uvesentleg grad mislighelder sine forpliktelser til å betale skattar og/eller avgifter, kan Oppdragsgjevar, etter at leverandøren har fått ei frist til å rette opp, heve kontrakten. Dersom Leverandøren vesentleg misligheld sine pliktar til å betale skattar og/eller avgifter kan Oppdragsgjevar heve kontrakten utan at Leverandøren får ei frist til å rette. Rett til å heve gjeld ikkje dersom kravet formelt er bestridd overfor kompetent myndigheit, og leverandøren kan sannsynleggjere overfor Oppdragsgjevar at kravet ikkje er berettiga.

Dersom Leverandørens underleverandør i ikkje uvesentleg grad mislighelder sine forpliktingar til å betale skattar og/eller avgifter, kan Oppdragsgivar, etter at underleverandør er gitt en frist til å rette, krevje at Leverandøren snarast mogleg skifter ut sin underleverandør for Leverandørens rekning og risiko. Retten til å krevje utskifting gjelder ikkje dersom kravet er formelt bestridt overfor kompetent



myndighet, og klagen framstår som sakleg grunnsett.. Dersom Leverandøren ikkje skifter ut underleverandøren som den er forplikta til å skifte ut, kan Oppdragsgivar heve avtalen.

16. Pliktig medlemskap i leverandørregister

[Bestemminga gjeld for alle kontraktar over 2,3 mill.]

Leverandøren, og eventuelle underleverandørar, skal ved kontraktsinngåing oppgje StartBANK ID eller leggje fram kopi av registreringsbevis frå StartBANK eller tilsvarende leverandørregister som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon. Leverandøren skal gi leverandørregisteret fullmakt til å innhente SKAV-info (skatte- og avgiftsinformasjon) i hele kontraktsperioden.

Leverandøren kan ikkje starte arbeidet på kontrakten før StartBANK ID eller kopi av registreringsbevis frå StartBANK eller tilsvarende leverandørregister, som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon, er lagt fram for byggherren.

17. Forbod mot manglande respekt for fagorganisering og kollektive forhandlingar (ILOs kjernekonvensjonar 87 og 98)

[Bestemminga gjeld alle kontraktar]

Arbeidstakarar og arbeidsgivarar har rett til å danne, eller slutte seg til, dei organisasjonane dei sjølv måtte ønskje, og til å drive kollektive forhandlingar og dele innhaldet. All aktivitet i tilknytning til denne organiseringa skal skje helt utan represaliar eller andre former for forulemping for deltakarane.

Arbeidsgivar må på ingen måte hindre arenaer for møter og kollektive forhandlingar.

Der organisasjonsfridomen og retten til kollektive lønnsforhandlingar er avgrensa ved nasjonal lov, skal arbeidsgivar leggje til rette for, og ikkje hindre, parallelle mekanismar for fri og uavhengig organisering og forhandling.

18. Mislighald av kontraktføresegner – konsekvensar

[Bestemminga gjeld alle kontraktar]

Brot på leverandørens plikter i denne kontrakten vil bli nedteikna og kan få verknad i seinare konkurransar, enten i kvalifikasjons- eller tildelingsrundane, i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar.

19. Revisjon frå oppdragsgjevar eller ekstern revisor

[Bestemminga gjeld for alle byggje- og anleggsanskaffingar, og alle reingjeringstenester omfatta av CPV-kode 90910000, samt øvrige risikoutsette tenesteområde etter særskilt vurdering]

Oppdragsgjevar, eller eventuelt tredjepart engasjert av oppdragsgjevar, kan for å undersøkje om kontraktskrava blir oppfylt, gjennomføre revisjon av leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden frå kontraktsinngåing til seks månader etter at slutfaktura er betalt. Denne tilgangen omfattar også kontraktar og dokumentasjon i underliggjande ledd. Ein slik revisjon bør stå i forhold til om det føreligg mistanke om brot på spesifikke kontraktsbestemmingar, og det kan i første omgang krevjast dokumentasjon på om eit specifikt krav blir oppfylt.



Leverandøren skal utan vederlag stille nødvendige ressursar og dokumentasjon til disposisjon for oppdragsgjevars kontroll. Medverknads- og dokumentasjonsplikta omfattar også underleverandørar.

Oppdragsgjevar, samt eksterne kontrollørar engasjert av oppdragsgjevar, har rett til å foreta annonserte og uannonserte stadlege kontroller hos leverandøren, eventuelle underleverandørar og ved lokasjonen kvar tenestene blir utførte. Ein stadleg kontroll vil kunne inkludere innsyn i lønns- og personalsystem.

20. Brot på konkurranselovgeving

[Bestemminga gjeld alle kontraktar]

Dersom det er klar sannsynsovervekt for at Leverandøren har brott konkurranselova §§ 10 eller 11 eller tilsvarande bestemmelsar, kan Oppdragsgivar heve kontrakten dersom dette er forholdsmessig.

Dersom det er klar sannsynsovervekt for at Leverandøren sin underleverandør har brote konkurranselova §§ 10 eller 11 eller tilsvarande bestemmelsar, kan Oppdragsgivar krevje at Leverandøren snarast mogleg byter ut sin underleverandør, for Leverandøren si rekning og risiko. Retten til å krevje utskifting gjeld ikkje dersom kravet er formelt bestridt overfor kompetent myndigheit og Leverandøren kan sannsynleggjere overfor Oppdragsgivar at kravet mot underleverandøren ikkje er berettiga.

Dersom Leverandøren ikkje byter ut underleverandøren som han er forplikta til å bytte ut, kan Oppdragsgivar heve avtalen. Før heving etter første ledd og før krav om utskifting av underleverandør i andre ledd, skal Oppdragsgivar vurdere den tid som er gått sidan brotet på konkurranselova §§ 10 eller 11 blei begått, kva self-cleaning-tiltak som er iverksett frå Leverandøren eller underleverandøren si side og eventuelt andre moment som kan ha betydning for vurderinga av om hevinga eller utskiftinga er forholdsmessig. Dersom brotet på konkurranselovgevinga direkte har råka eller berørt Hemsedal kommune, vil heving alltid sjåast å vere forholdsmessig. Alle avtalar Leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten.

Vedtatt dato

18.juni 2025

Gjelder for

Anskaffingsreglementet gjeld for alle anskaffingar av varer, tenester og bygge- og anleggsarbeid for eller på vegner av Hemsedal kommune.

Reglementet er eit supplement til anskaffingsregelverket gitt gjennom lov og forskrifter, og kommunen sin plattform for anskaffingar. Gjeldande anskaffingslov med forskrifter gir tydelege føringar for anskaffingar over terskelverdiane. Dette reglementet tek derfor i hovudsak for seg anskaffingar under terskelverdiane.